



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 13.04.2016

---

**Sak nr.:** 15/8067-197

**Internt l.nr.** 13093/16

**Sak:** 20/16

**Tittel:** Val av fylkeskommunen sine representantar til valkomiteen for styret i F1 Holding AS og for F1 Holding AS sine styremedlemer i Fjord1 AS

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

I samsvar med aksjonæravtalen mellom Torghatten ASA og Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fylkesutvalet følgjande to representantar til valkomiteen for styret i F1 Holding AS og for F1 Holding AS sine styremedlemer i Fjord1 AS:

1 .....

2 .....

**Endringsframlegg:**

**Arbeidarpartiet og Høgre** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett.

**Avrøysting:**

Åshild Kjelsnes, Hilmar Høl, Helen Hjertaas og Bjørn Erik Hollevik røysta for utsejingsframlegget. Jenny Følling, Sigurd Reksnes, Aleksander Øren Heen og Trude Brosvik røysta mot. Då det var likt røystetal, vart fylkesordføraren si røyst avgjerande og framlegget fall, jf. kommunelova § 35, nr. 1, jf. § 34, nr. 1.

**Realitetsframlegg:**

Sigurd Reksnes sette fram slikt framlegg til representantar:

- 1 Fylkesordføraren
- 2 Fylkevaraordføraren

Fylkesvaraordføraren, Åshild Kjelsnes, ønskte ikkje å stille som representant. Sigurd Reksnes gjorde i staden framlegg om Noralv Distad.

**Avrøysting:**

Åshild Kjelsnes og Helen Hjertaas røysta mot framlegget.

Bjørn Erik Hollevik, Jenny Følling, Sigurd Reksnes, Aleksander Øren Heen, Trude Brosvik og Hilmar Høl røysta for.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

I samsvar med aksjonæravtalen mellom Torghatten ASA og Sogn og Fjordane fylkeskommune vel fylkesutvalet følgjande to representantar til valkomiteen for styret i F1 Holding AS og for F1 Holding AS sine styremedlemer i Fjord1 AS:

1 Fylkesordføraren

2 Noralv Distad